



Frode Dahl  
Langheiane 38  
5914 ISDALSTØ

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/3899 - 15/37736

Saksbehandlar:  
Eilin Houlison Molvik  
EilinHoulison.Molvik@lindas.kommune.no

Dato:  
18.12.2015

## Førebels svar - trong for tilleggsdokumentasjon gbnr 188/790 Gjervik ytre

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 16.11.15.

Grunna bemanningstilhøve ved avdelinga har saka dykkar blitt liggjande lenge utan vurdering. Vi seier oss leie for sein attendemelding.

### Planstatus

Eigedommen ligg i område som i reguleringsplan – Langheiane – B3, B4 og B5/ planid.: 1263-201005, i det som er sett av til bustaføremål innanfor planområde BF1. Det ligg regulert byggegrense på eigedomen, omsøkt tiltak er plassert i strid med nemde. Regulert byggegrense er synt som svart stipla line, sjå vedlagt kartutsnitt. Tiltaket krev søknad om dispensasjon.

### Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta (SAK) § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det må søkjast om dispensasjon for plassering av murar i strid med regulert byggegrense.
2. Søknad om dispensasjon må nabovarslast.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 15.02.2016. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka arkivert utan vidare handsaming. Når saka er arkivert utan handsaming må det sendast inn full ny søknad.

### Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1. Tidsfristane vert rekna frå søknaden er komplett og klar for handsaming, jf. SAK § 7-2 (1).

---

#### Post

postmottak@lindas.kommune.no  
Dokumentsenteret  
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

#### Kontakt

www.lindas.kommune.no  
Telefon +47 56 37 50 00  
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311  
Org.nr. 935 084 733



Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta  
avdelingsleiar

Eilin Houlison Molvik  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kartutsnitt gbnr 188\_790 regplan

**Mottakarar:**

Frode Dahl

Langheiane 38

5914

ISDALSTØ